



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/79561-15

Dykkar referanse: Vår dato:  
17/3013 – 19/21072 27.08.2019

### Uttale til offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2019–2031 – Lindås kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel (KPA) for Lindås kommune, varsla i brev datert 02.07.2019. Merknadsfrist er sett til 27.august 2019.

#### Vår rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har og ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Vi er i særleg grad opptatt av tiltaka si innverknad på tryggleik og framkome på vegnettet for alle trafikantgrupper. Vi vil og ha fokus på tilkomst til områder med endra arealbruk og forholdet til overordna vegnet.

#### Føremål med rulleringa av KPA

Lindås kommune har valt å gjere ein temarevisjon av planen. Hovudmålsetting for ny arealdel er å leggje til rette for attraktive nærmiljø. Vidare skal planen følgje opp samfunnsdelen sine føringar, mellom anna om at bustadutviklinga skal skje i Knarvik, Alversund og dei definerte nærsentra Ostereidet og Lindås, samt leggje til rette for spreidd busetnad i bygdene.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Plankartet for kommuneplanen omfattar ikkje områda Knarvik, Alversund med Alverstraumen, der det er fremja eige framlegg til kommunedelplan. Fleire sentrale og viktige vegar er omfatta av planområdet, under dette E39 og fv. 57, samt fv.570 mot Masfjorden. Planområdet er også omfatta av eit regionalt viktig planarbeid med ny trasé for E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen.

### **Generelle merknader til planarbeidet**

Statens vegvesen meiner det er positivt at kommunen har gjort ei bustadanalyse, med vurdering av bustadbehov innanfor kvar skulekrets. Vidare ser vi det som positivt at kommunen har nytta transportbehov som eit utvalgskriterium ved vurdering av ny arealbruk, der ein ser på i kva grad tiltaket er bilbasert eller treng tilrettelegging for andre transportformer.

Vi meiner det må leggjast avgjerande vekt på forholdet til trygg skuleveg der ein opnar for nye bustader.

Vi merker oss at kommunen har valt å fjerne generelle byggjegranser mot veg frå føresegnene. Kommunen legg difor opp til at dette skal handsamast etter veglova i komande planperiode.

### **Generelt om vegtilknytning**

Statens vegvesen meiner at kommunen i konsekvensutgreiinga har lagt for lite vekt på vurdering av vegtilknytning for areala som blir endra til bygge- og anleggsformål eller utbyggingsformål i LNF-områda. Etter vår vurdering er trygg tilkomst til vegnettet avgjerande, slik at ein ikkje legg til rette for utvikling av områder som vil få særleg tyngjande rekkefølgekrav. Vi vurderer dette som ein vesentleg mangel ved planarbeidet.

Statens vegvesen har i høyringsfasen ikkje høve til å vurdere realisme i vegtilkomst for alle tiltaka langs riks- og fylkesvegnettet. Konsekvensutgreiinga gir heller ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere konsekvenser for tilhøva på vegnettet, t.d. kryss/avkøyrslé, framkome, trafikktryggleik på tilhøyrande veg. Denne usikkerheita vil difor hefte ved områda, og må avklarast i seinare handsaming etter plan- og bygningslova, eventuelt gjennom handsaming etter veglova. Ein risikerer at område avsett til dømes til bustadføremål likevel ikkje kan nyttast, fordi ein ikkje finn tilkomstløyisingar som både er trafikksikre og økonomisk lønsame.

## Uttale til arealføremål

### *Bustad:*

Vi viser til vår generelle kommentar om tilkomst og avkøyrsløse.

Område B1: Den Trondhjemske postveg går gjennom arealet avsett til bustadføremål. Vi gjer merksam på at dette i praksis vil avgrense disponibelt areal. Det kan ikkje påreknast løyve til tiltak innanfor omsynssonen for Postvegen, eller tiltak som vil medføre endra bruk av Postvegen. Tilkomst til området må vere frå kommunal veg Storbruhaugen.

### *Næring:*

Om område BN1 Grønevika legg kommunen til grunn at reguleringsføremål næring er i samsvar med gjeldande arealbruk for området. Etter vår vurdering må likevel nye tiltak på eiendommen, som gir endra trafikk til området, vurderast m.t.p. tilkomst og trafikktrygg avkøyrsløse.

Område BN3 er areal for eksisterande verksemd knytt til Eknes karosseri. Eigedomen har vore i jamn utvikling, med fleire utvidingar av disponibelt areal. Verksemda ønskjer i tillegg å få auka areal til overflateparkering gjennom område BN4. Dette arealet ligg svært nær E39, med ein minsteavstand på ca 9 meter frå vegmidte. BN3 og BN4 er i planframlegget unntatt frå plankrav i §3.1.5 c) Særskilte områder utan plankrav. Statens vegvesen rår til at kommunen set krav om reguleringsplan for BN3 og BN4, slik at ein får eit verktøy til å planlegge utviklinga i området, og vurdere konsekvensar av arealbruken.

Vi viser vidare til at byggjegrensa langs E39 er 50 meter frå vegmidte etter veglova, og gjer merksam på at det ikkje kan påreknast dispensasjon i samsvar med arealavgrensinga som er vist i plankartet. Dersom det ikkje vert sett plankrav, legg vi til grunn at tiltaket skal handsamast etter veglova §29, der Statens vegvesen vil gjere ei konkret vurdering av eventuell dispensasjon frå byggjegrensa.

### *LNF spreidd bustad:*

Det er lista opp områder der det kan byggjast ut eit tal bustadeiningar innanfor planperioden, utan krav til regulering. Kvar einebustad kan i tillegg ha eit sekundærhusvære. Vi meiner det må setjast vilkår om at eksisterande avkøyrsløse skal nyttast ved ny utbygging for å unngå nedbygging av vegnettet. Vi har ikkje vurdert dei ulike områda. Ved søknader om avkøyrsløse vil vi leggje til grunn strekningsvise vurderingar, jf. *Rammeplan*.

### *LNF spreidd næring:*

Planen opnar for 13 områder avsett til landbruksbasert næring. Det er opna for 3 «Inn på tunet»-tiltak, og lagt til rette for 3 områder for mottak av overskotsmassar. Føresegn §3.4.6 opnar for etablering utan reguleringsplan for tiltak som er i samsvar med føresegnene. Vi

kan ikkje sjå av planomtalen at forventta omfang for dei ulike tiltaka er vurdert, sjølv om det er opna for tiltak utan plankrav. Dette meiner vi er ein mangel ved framlegget.

Vi meiner det kan vere positivt at overskotsmasser kan deponerast lokalt. Vi er likevel kritisk til at omfanget berre er vurdert etter areal og ikkje etter volum massar, noko som kunne vurdert nærare om kva tiltak som var tillate utan reguleringsplan. Vi meiner også det er svært generelt å opne «Inn på tunet» utan å seie noko om forventta bruk og omfang. Vi vurderer at fleire av tiltaka i denne arealkategorien kan vere såpass omfattande at det kan eller bør utløyse reguleringsplikt.

Når det gjeld områda LSN6 og LSN7 vil det vere viktig å vurdere om krysset frå fv. 57 Lindåsvegen til kommunal veg Åse er dimensjonert for å handsame trafikken. Krysset ligg på ei ulukkesutsatt vegstrekning, og det er difor grunn til å vise ekstra varsemnd ved tiltak som auker trafikken til sidevegnettet.

Vi viser elles til vår generelle kommentar om tilkomst og avkøyrsløse.

### **Uttale til føresegner**

Føresegnene stiller generelt plankrav for areal avsett til bygg og anlegg med nokre unntak for mindre tiltak, og fortetting inntil to einingar for tomter som er eigna til dette.

§2.2.1 set vilkår for når bygde eiendommer kan få unntak frå plankrav. I pkt 3 står det at «*Nye tiltak kan knyte seg til eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avløp, jf. pbl. § 11–10. nr 1.*» Statens vegvesen meiner det er viktig at vegtilknytning vert vurdert av rette vegmynde. I vurderinga skal ein mellom anna leggje vekt på avkøyrsløse, byggjegrænse, framkome på vegen og trygg veg for alle trafikantar. Vi ber kommunen vurdere å ha vegtilknytning som eige punkt i føresegna, t.d.: «*Før at eit tiltak skal kunne unntakast plankrav må forholdet til transportnettet vere avklart, jf. pbl § 11–10 nr. 1.*»

§2.5.1 og §2.9.3 seier at kommunen skal godkjenne tekniske vegteikningar. Vi ber om at dette vert endra til «rette vegmynde».

§2.5.3 er rekkefølgjekrav knytt til fv. 404. Føresegna er uklart formulert og bør tydeleggjerast. Vi ber kommunen vurdere omskriving, eventuelt å illustrere føresegna. Statens vegvesen er positiv til intensjonen om å avgrense trafikkveksten på fylkesvegen fram til ein har sikra tilhøva for dei mjuke trafikantane. Etter vår vurdering bør kommunen i tillegg ha rekkefølgjekrav som sikrar fortau også på strekningen nordover frå Kvamsvågen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for vegen.

Føresegna i framlegget er restriktivt, og vi oppmodar kommunen til ei konsekvent praktisering.

Vi vil samstundes gjere merksam på at fv. 404 nyleg har skifta vegnummer til fv. 5476. Dette er del av ei vegnummer-ændring som gjeld heile Hordaland og Sogn og Fjordane.

#### **Omsynssone:**

##### §4.1.6 H570\_1 Omsynssone for Den Trondhjemske postveg

Statens vegvesen er positiv til at kommunen har regulert omsynssone rundt den Trondheimske Postveg, som set krav til handsaming av tiltak innanfor sona. Etter vår vurdering er dette eit godt grep for å sikre det historiske veganlegget.

#### **Bandleggingssone:**

##### §4.2.2 Bandleggingssone etter anna lov, jf. pbl. § 11-8 d (H710) – E39-utgreiing

Vi er positiv til at kommunen i samråd med Statens vegvesen har bandlagt områda med pågåande utgreiing om ny trase for E39, og tilhøyrande anlegg som arm til Alversund og gang- og sykkeltrase langs eksisterande E39. Dette er viktig for å sikre gode rammevilkår rundt planlegging av viktig nasjonal infrastruktur.

Statens vegvesen er negativ til at kommunen likevel opnar for arealændringar innanfor bandleggingssona, med føresegn om at dette ikkje vert gjeldande dersom området vert råka av endeleg trase, jf. siste avsnitt i §4.2.2:

*«Arealændringar innanfor omsynssona trer ikkje i kraft før bandlegginga er oppheva. Areal som vert del av vedtatt trasé vert bandlagt som del av påfølgjande reguleringsplan.»*

Endring av arealføremål gir eit signal om at ein kan pårekne ein annan arealbruk og utnytting av området, og ei forventning om ny bruk. Dette kan og bidra til å auke verdien på arealet, og dermed gi auka kostnader for vegprosjektet. Vi ber difor om at desse areala vert teke ut av kommunedelplanen, og vurdert på nytt i seinare rulleringar.

I dialog før offentleg ettersyn bad vi om at kommunen avgrensa høve til å gjennomføre tiltak etter eldre reguleringsplanar enn 10 år, innanfor bandleggingssona. Etter vårt syn er det uheldig at dette ikkje er teke omsyn til i føresegnene. Vi minner likevel om at kommunen har plikt til å vurdere om nye tiltak etter eldre reguleringsplanar er i samsvar med dagens krav.

#### **Oppsummert**

Statens vegvesen har merknader til framlegg om kommuneplanen sin arealdel 2019–2031 for Lindås kommune.

Etter vår vurdering har kommunen lagt for lite vekt på vegtilknytting for areala som blir endra til bygge- og anleggsformål eller utbyggingsføremål i LNF-områda. Vi vurderer dette som ein vesentleg mangel ved planarbeidet. Ein risikerer difor at område avsett til dømes til bustadføremål likevel ikkje kan nyttast, fordi ein ikkje finn tilkomstløyisingar som både er

trafikksikre og økonomisk lønsame. Dette vil verte avklart i seinare handsaming etter plan- og bygningslova, eventuelt gjennom handsaming etter veglova.

Vi ber om at det vert sett plankrav for område BN3 og BN4.

Europaveg E39 er ein viktig premissleverandør for vidare utvikling av Lindås/Alver kommune. Vi meiner det nye framlegget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til det pågåande planarbeidet for ny E39. Plangrepet Lindås kommune har valt med at arealendringer ikkje trer i kraft før ny trase for E39 er valt, er ikkje tilstrekkeleg for å ta i vare våre interesser. Vi ber om at kommunen endrer føresegn §4.2.2 i samsvar med vår merknad.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ